

Marsteinen

Lokalavis for Austevoll

55 08 21 00

BESØKSADRESSE:
Gamle Prestagården
POSTADRESSE:
Prestanesvegen 31
5392 Storebø

Kjem ut kvar torsdag

E-POST:
redaksjonen@marsteinen.no
annonser@marsteinen.no
abonnement@marsteinen.no
lesarbrev@marsteinen.no

KONTORTID REDAKSJONEN:
kl 9 -16 måndag-fredag
KONTORTID MARKNAD/
GRAFISK:
kl 9 -16 måndag-onsdag
torsdag-fredag etter avtale

ANNONSEFRISTAR:
Forretningsannonser:
måndag kl 16.00
Rubrikkannonser:
tyrsdag kl 12.00
Bygdanytt:
tyrsdag kl 12.00

BLADPENAR:
835 (1/1 år) 500 (1/2 år)

REDAKTØR:
Trond Hagenes
tlf. 55 08 21 03
mob. 98874253

JOURNALIST:
May Linn Clement
tlf. 55 08 21 02

GRAFISK/
MARKNAD:
Malin Økland
tlf. 55 08 21 00

DAGLEG LEIAR:
Linda Mathilde
Økland
tlf. 55 08 21 12

ØKONOMI:
Wenche A. Toft
tlf. 55 08 21 00

Avfotografering av stoff, bilete
og annonser frå Marsteinen er
ikkje tillate utan etter avtale
med redaktøren.

UTGJEVAR:
Austevoll Forlag A/S
FORMGJEVING:
Marsteinen
TRYKK: Sunnhordland

Marsteinen ynskjer å retta seg etter
reglar for god presseskikk, slik dei er
nedfelte i Vær Varsom-plakaten. Den
som meiner seg urettmessig ramna
av omtale i avisa, kan ta kontakt med
redaksjonen eller Pressens faglige
utvalg (PFU), som er eit klageorgan
oppnemnt av Norsk Presseforbund.
Organet, som har medlemmer frå pres-
seorganisasjonane og allmenta, hand-
samar klager mot pressa i presseettske
spørsmål.
Pressens faglige utvalg
Prinsengst. 1, Pb. 46 Sentrum,
0101 OSLO

PFU

Mæland opnar NM

**Når det på laurdag
er Austevoll sin tur å
arrangera Noregsmeis-
terskapen i oselvar, er
det sjølvaste nærings-
ministeren som opnar
arrangementet.**

20 båtar frå fem ulike seglfor-
einingar er påmeldte den tra-
disjonsrike meisterskapen i år.
Laurdag føremiddag går dei ut
frå Atalanta båthamn, og An-
dreas Iversen frå Austevoll segl-
foreininga oppmodar folk til å ta
turen for å få med seg utfarten.

– Det er då det er finast for pu-
blikum å sjå. Sjølv meisterska-
pen går føre seg i Hundvåkøy-
osen, og du må ut i båt for å få
med deg noko som helst, seier
han.

Værmeldinga er ikkje nådig
for laurdagen. Det er meld, som
Iversen seier sjølv, pissregn.

– Mykje klede og mykje vær,
perfekt for segling. Oselvar i ku-
ling, det er action, det!

At næringsminister Monica
Mæland (H) er bekrefta å opna
årets NM, synest Iversen er
gledeleg. Kanskje kan det trek-
ka fleire skodelystne, om ikkje
utøvarane og tidlegare noregs-
meistarar er nok trekkplaster i
seg sjølv.

– Dette er idrett på høgt nivå.
Dei som kjem til NM i helga er
dei beste i landet.

Verna byggjekunst

Den klinkbygde trebåten har ein



Laurdag føremiddag går 20 oselvarar ut frå Atalanta båthamn. Austevoll arrangerer NM i oselvar kvart
trede år. Her er bilete frå tevlinga i 2014. Arkivfoto: May Linn Clement.

lang tradisjon i distriktet vårt,
og Iversen er bekymra for fram-
tida til båten.

– Det er mange i dag som al-
dri har sett ein oselvar på sjøen.
Det er skummelt, meiner han.

På 1920-talet var det fire segl-

foreiningar i kommunen vår,
medan det no er lite rekruttering
i den éine klubben som er att.

– Dei er stort sett godt vaksne
dei som seglar, og hovudtyngda
er folk i femtiåra.

I 2016 kom Stiftinga Oselvar-

verkstaden på UNESCO si liste
over immateriell kulturarv, og
båtbyggjarkunsten skal såleis
vernast.

M May Linn Clement
may.linn.clement@marsteinen.no

Fast jobb til Christer

**– Dette betyr så mykje
for meg. Eg er kjempe-
glad, det er draume-
jobben min, seier den
nytilsette barne- og
ungdomsarbeidaren
ved Storebø skule.**

– Christer har kvalitetar som
me ikkje finn hos mange andre.
Han bidreg med ein positivitet,
og viser ei glede med å vera
rundt barna som eg meiner er
sær viktig, seier rektor Bjørn
Kristian Bjånesøy. I går kunne
han tilby Christer hundre pro-
sent stilling som barne- og ung-
domsarbeidar ved Storebø skule
og SFO, etter å ha vurdert man-
ge gode kandidatar til stillinga.

Stort engasjement

Få saker har engasjert så mykje
på Facebook-sida til Marsteinen,

som då me skreiv om Christer
Sæbø (25) like før skuleferien.
Som 20-åring måtte han, et-
ter nesten fullført læretid som
matros, gå i land grunna sjuk-
dom. Deretter skifta han beite
totalt, og byrja som lærling ved
Storebø skule i faget barn- og
ungdomsarbeidar. Skulevesenet,
som han sjølv ikkje var ein stor
tilhengjarar av som barn, var
den siste staden han trudde han
skulle få seg arbeid.

Då artikkelen vart skriven,
var det ikkje arbeid til Christer
frå hausten av. Både kollegaar,
foreldre og besteforeldre til barn
ved skulen kommenterte på
saka, og uttrykte stor takksam-
d for arbeidet han hadde gjort som
lærling i fire år.

Det var ein smørblid assistent
me møtte saman med ei hand-
full SFO-barn ved Storebø skule
i går.



Christer Sæbø (25) fekk i går 100 % fast stilling ved Storebø skule.
Me står ikkje lenge i ro for å fotografera, før to små hender strekkjer
ein ball mot Christer. – Draumejobben, seier han.

– Eg var på intervju i går, og
rekna eigentleg ikkje med å få
jobben. No er eg så lukkeleg, sa
Christer, som for høvet hadde
bytt ut skuggelua med ein blo-

mekrans laga av ei lita jente.

M May Linn Clement
may.linn.clement@marsteinen.no